

Avklaring for opplæring i bedrift i høve pandemien korona.

Fylkeskommunen har saman med dykk ansvar for lærlingar og lære kandidatane si opplæring og ein del problemstillingar i den situasjonen som vi er i no.

### **Prøvenemnd og instruktør/fagleg leiar kursing**

Vestland fylkeskommune avlyser alle kurs, konferansar og samlingar i eigen regi fram til påske. Dette vert gjort for å forseinke og avgrense utbrotet av koronasmitte. Aktivitetane det her er snakk om, vert ikkje vurderte som naudsynte eller kritiske å gjennomføre den næraste tida.

### **Utfordringar med gjennomføring av fag-/sveineprøvar**

Utbrotet av koronavirus og restriksjonane som er iverksett vil få konsekvensar for gjennomføring av fag- og sveineprøvar. Utgangspunkt vårt er at prøvenemndene skal gjennomføre dei fagprøvene som det er praktisk mogleg og forsvarleg å halde. Leiar av prøvenemnda har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere dette opp i mot gjeldande reglar. I helse- og oppvekstfag blir alle prøver utsette. I andre fag kan prøvenemndene gjennomføre prøvane om forholda ligg til rette for det. I dei tilfella der bedrifter, institusjonar og andre prøvestader er heilt eller delvis stengte, må prøvenemndene og kandidatane følgje retningslinene til prøvestaden.

Både prøvenemndsmedlemmane og kandidatane må vere heilt friske for at prøven skal gjennomførast, og følgje nasjonale tilrådingar for smittevern. Alle må vere budde på at prøvar kan bli utsette på kort varsel.

Inntil vidare treng ikkje kandidatane som må avlyse fagprøve på grunn av sjukdom å dokumentere dette med attest frå lege.

### **Permittering**

Om koronaviruset fører til at bedriftene må halde heilt eller delvis stengt og må permittere tilsette gjeld følgjande:

- Lærlingar og lære kandidatane som vert permitterte som følgje av koronaviruset vil få utvida si læretid.
- Lærlingar som har kort tid att av læretida kan vurderast for oppmelding individuelt.

I denne situasjonen vil sentraladministrasjonen og rettleiingstenesta gjere ei vurdering om det kan eller må gjennomførast fysiske møte. Oppfølging av læreforhold skal så langt råd er halde fram.

Sentraladministrasjonen og rettleiingstenesta må gjere endringar i prioritering av oppgåver. Vi vil framleis prioritere godkjenningar, oppmeldingar og utskriving av dokumentasjon.

Med helsing  
**Øivind Høines**  
Seksjonsleiar

Seksjon for inntak forvaltning og sluttvurdering  
Avdeling for opplæring og kompetanse



[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)